

## Gap Year Experience – før lytting

- Elevane jobbar i par. Alle para får utdelt ein konvolutt med oppklippte setningsfragment/ord/omgrep/uttrykk. Elevane trekkjer vekselvis ein lapp og ser om dei forstår innhaldet. Viss ja, skriv dei initialane sine på lappen. Viss nei, legg dei han til side. Til slutt vil dei ha ei bunke med lappar som begge har forstått, ei bunke der ein av dei har forstått og ei utan nokon sine initialar.
- Elevane går så gjennom bunka med lappar ein/begge ikkje forstod. Dei forklarer for kvarandre, eller grip til hjelpemedel, slik at alle lappane har initialane til begge.
- Deretter skal para «oppdag» ei kategorisering av innhaldet på lappane og gruppere dei etter denne. (Her skal ikkje læraren lage ein fasit, men i dette dømet kan moglege kategoriar vere ord og uttrykk som har å gjere med working life, human relations, money etc. Det er også mogleg å sortere etter ordklasse, f.eks nouns and adjectives.)
- Avslutningsvis skal elevane parvis gjere greie for eiga kategorisering med døme.



Words	Expressions	Sentence/sentence fragments
Snobbish	Gap year	«...I have decided to take a gap year...»
Skills	A-level	«...the customers are paying for my salary...»
Efficient	Anger management	«...it depends on your personality...»
Multicultural	Hold your mask	«...skills you can't acquire at university or at school...»
Interaction	Financially independent	«Is this an up-market place?»
Rewarding	True value of money	“...the polite business man who is in a rush...”